



Berekingar av grovfôropptaket står sentralt

Forfatter

Helga Kvamsås, Topp Team Fôring Geit

Sammendrag

Når vi planlegg fôringa er det avgjerande at vi greier å gjere ei god berekning av grovfôropptaket. Dette krev at vi har god kjennskap til besetninga vi skal planlegge for og at vi kjenner kvaliteten på grovfôret vi skal bruke.

Publisert

2012

Referanse

Sau og Geit 5/2012

Utskriftsdato

20.08.2019 www.fag.nsg.no

Berekingar av grovfôr-opptaket står sentralt

Når vi planlegg føringa er det avgjerande at vi greier å gjere ei god berekning av grovfôr-opptaket. Dette krev at vi har god kjennskap til besetninga vi skal planlegge for og at vi kjenner kvaliteten på grovfôret vi skal bruke.

Fôr-opptaket er den faktoren som har størst betydning for mjølkeyting og kjemisk samansetning av mjølka. Opptaket av fôr er knytt til eigenskapar hos geita, fôret og miljøet.

Metabolsk regulering

Dei to viktigaste mekanismane som styrer fôr-opptaket er den fysiske reguleringa og den metabolske reguleringa. Den fysiske reguleringa får geita til å slutte å ete når vomma er fylt. Denne reguleringa heng saman med kor stor vomma er og kor raskt fôret kan passere vidare i fordøyelses-systemet.

Den metabolske reguleringa er knytt til signal frå kroppen om mettheit og svolt. Gjennom eit komplisert system i fordøyelseskanal og blod, blir tilgangen på næringsstoff «registrert» og bearbeidd og hjernen sender ut signal om mettheit eller svolt. I tillegg vil det vere ein psykologisk effekt som verkar på fôr-opptaket. Sjølv om geitene er mette kan dei velje å ete litt meir dersom fôret dei får er svært smakeleg. Omvendt kan dei la vere å ete sjølv om dei er svoltne dersom dei t.d. blir utsett for mykje stress, aggresjon eller om fôret smakar dårleg eller er ureint. Geiter er svært vare for forureining av vatn og fôr.

Vekta av geitene er viktig for grovfôr-opptaket

Store geiter har større vøgt, og dermed betre føresetnader for høgt grovfôr-

opptak enn mindre geiter. Store geiter har derimot større vedlikehaldsbehov, men dette er relativt sett av mindre betydning enn auka fôr-opptak.

Å vege eit representativt utval av geitene i ulike aldersklassar gir oss eit godt utgangspunkt for rett estimering av grovfôr-opptak for ulike grupper av geiter.

Drektigheit og mjølkeyting påverkar fôr-opptaket

Vi veit at ein kritisk periode, når det gjeld grovfôr-opptaket, er perioden frå ca. 2 veker før til 2-3 veker etter kjeing. Før kjeing vil fostera ta mykje plass og gjere at det er lite plass i vomma. Fysiologiske faktorar gjer at appetitten og grovfôr-opptaket er lågt, også dei første vekene etter kjeing. Dette er viktig for korleis vi bør planlegge opptrapping av kraftfôr etter kjeing.

Grovfôr-opptaket er kanskje ikkje på topp før 8-10 veker etter kjeing. Dette må vi ta omsyn til når vi skal bestemme bruken av kraftfôr utover i laktasjonen.

Høgtytande geiter har eit høgare fôr-opptak enn geiter som mjølkar moderat eller lite. Også dette er viktig å kjenne til når vi skal estimere sannsynlig grovfôr-opptak i buskarar med ulikt avdråttsnivå.

Grovfôr-analyser er viktig

Det gir oss kjennskap til fôret sin passasjehastigheit gjennom vomma og om kor smakeleg fôret er.

Kor raskt fôret blir nedbrote i vomma, og kan passere vidare i fordøyelseskanalen, betyr mykje for fôr-opptaket. Innhaldet av NDF og nedbrytingshastigheita av NDF påverkar i stor grad passasjehastigheita.

Gras som er seint hausta har høgt innhald av NDF og ofte høgt innhald av iNDF, altså totalt ufordøyeleg NDF. Slikt fôr vil opphalde seg lenge i vomma, og set derfor ned grovfôr-opptaket. Grovfôr med lågare innhald av NDF vil bli brote ned raskt. Slikt fôr passerer fortare gjennom fordøyelseskanalen og gir derfor plass for nytt påfyll av fôr. På den måten vert det eit høgare grovfôr-opptak totalt.

Kjennskap til NDF er viktig

Grovfôret sitt innhald av NDF og eigenskapar knytta til dette, er den enkeltfaktoren ved fôret som har størst betydning for kor mykje grovfôr dyra et.

Vi reknar med at geiter har ein opptakskapasitet på ca. 14 g NDF pr. kg kroppsvekt. Det er denne verdien vi brukar ved berekning av grovfôr-opptak.

Opptakskapasiteten hos ei geit på 60 kg er 1,78 kg tørrstoff av grovfôr med 50% NDF, medan ei geit på 55 kg har ein opptakskapasitet på 1,28 kg tørrstoff av grovfôr med 60% NDF. Dette syner kor mykje geita sin storleik og NDF-innhaldet i fôret har å seie for fôr-opptaket.

Nyare forsøk syner at vi også, til ein viss grad, bør differensiere faktoren for NDF-kapasitet hos geitene ut frå mjølkeyting og tidspunkt i laktasjonen.

Grovfôr-analysen gir oss også informasjon om innhald av tørrstoff, gjæringsprodukt og sukker, og set oss såleis i stand til å vurdere sannsynlig verknad av desse parametranne på fôr-opptak.

*Av Helga Kvamsås,
Topp Team Føring Geit*